



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Jon Fjeldstad, 5557 2254

Vår dato
26.11.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/8829 632.1
Dykkar referanse

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Oversending av endeleg tilsynsrapport - Meland kommune/ Meland ungdomsskule

Fylkesmannen i Hordaland sende 05.11.2014 førebels tilsynsrapport til Meland kommune. Den førebelse tilsynsrapporten var eit førehandsvarsel etter forvaltningslova § 16. Meland kommune fekk frist for å uttale seg til den førebelse rapporten innan 18.11.2014. Fylkesmannen fekk same dato Meland kommunen sine fråsegner til den førebelse tilsynsrapporten. Desse er innarbeidd i den endelege rapporten.

Vedlegget her er den endelege tilsynsrapporten frå tilsynet Fylkesmannen sitt tilsyn med Meland kommune. I tilsynsrapporten har kommunen fått frist til å rette lovbrøt som er avdekt i tilsynet, jf. kommunelova § 60 d. Fristen er 03.02.2015. Innan denne fristen må kommunen også erklære til Fylkesmannen at det ulovlege forholdet er retta og gjere greie for korleis lovbrøtet er retta.

Dersom lovbrota ikkje blir retta innan fristen, vil Fylkesmannen vedta pålegg om retting med heimel i kommunelova § 60 d.

Fylkesmannens vurderingar og konklusjonar kjem fram av den vedlagde tilsynsrapporten.

Med helsing

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Jon Fjeldstad
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Meland ungdomsskule

Vedlegg: Tilsynsrapport